



Arkivnr: 2015/11763-6

Saksbehandlar: Åshild Fossgard Sandøy

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel		08.02.2017
Fylkesutvalet		22.02.2017

Innføring av autoPASS i ferjedrifta i Hordaland - Status**Samandrag**

Fylkesutvalet vedtok den 29. januar 2016 at AutoPASS-brikkebetaling som utgangspunkt skal innførast på alle fylkesvegferjesambanda i Hordaland. Fylkesutvalet bad samstundes om å bli orientert om det vidare arbeidet med AutoPASS.

Fylkesrådmannen har i alle dei nye ferjekontraktane stilt krav om at vinnande operatør tek i bruk AutoPASS-brikkelesingsutstyr. Slikt brikkelesingsutstyr vil derfor bli tatt i bruk på alle ferjesambanda i Hordaland etter kvart som dei nye ferjekontraktane vert satt i drift.

Det er utarbeidd og vedtatt eit nytt Riksregulativ for ferje gjeldande for samband der autoPASS-brikkelesing vert nytta. Fylkesrådmannen oppmodar om at dette regulativet vert lagt til grunn også for fylkesvegferjene for å sikre likskap for dei reisande.

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet godkjenner bruk av Statens Vegvesens AUTO-passregulativ på fylkesvegferjesambanda i Hordaland.

Rune Haugsdal
Fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
Fylkesdirektør Samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 10.01.2017

Det vart i sak 25/2016 hos Fylkesutvalet den 29.01.2016 vedtatt følgjande knytt til autoPASS som betalingsløysing:

«1. Fylkesutvalet godkjenner at det vert lagt inn ein opsjon i konkurransegrunnlaga for ferjeamboda om at det kan bli innført AutoPASS-brikkebetaling på ferjesambanda i Hordaland. Det skal politisk

handsamast kva samband som eventuelt ikkje skal innføra AutoPASS.

2. Fylkesutvalet godkjenner at operatørane får ansvar for billettering og billettringsutstyr samt det tekniske utstyret til AutoPASS.

3. Fylkesutvalet ber om å bli halde orientert om det vidare arbeidet med AutoPASS.»

Som følgje av vedtaket er det for dei nye ferjekontraktane lagt til grunn bruk av AutoPASS-brikkelesing på alle ferjesambanda i Hordaland. Kva løysing som skal nyttast for brikkelesing på det einskilde samband, altså om det skal nyttast manuelle eller halvautomatiske løysingar, er opp til operatør å fastsette. Vidare er det, som skissert i saksframlegget frå 29. januar 2016, lagt opp til at operatør skal eige sjølv systemet, medan Hordaland fylkeskommune skal etablere og eige eventuell infrastruktur for oppheng av utstyr, statiske skilt, bommar, samt få på plass naudsynte kablar for straum. Operatør skal ha alt ansvar for det tekniske systemet og software, samt drift av naudsynte kablar som er avgjerande for drift av systemet.

Som nemnd i saksframlegget frå 29.01.2016, har Statens Vegvesen utarbeidd eit eige Riksregulativ for samband der autoPASS nyttast som betalingsmiddel. I «*AutoPASS i ferjedriften, Orientering til fylkeskommunene*» punkt 6.2, utarbeidd av SVV, går det fram at AutoPASS-regulativet inneholder følgjande endringar i høve dagens Riksregulativ for ferjetakster:

- Gratis for passasjerar
- Justeringar i lengdegruppene for køyretøy, men framleis med 9 lengdegrupper som i dag
- Nye takstar som tek høgde for bortfall av passasjerbetaling (påslag mellom 2-31%)
- Nokon endringar i særordningane i takstvilkåra
- 10% rabatt ved bruk av AutoPASS-brikke
- Rabattavtaler som krev førehandsinnbetaling er knytt til bruk av AutoPASS-brikke
- EL-bil (eigen takstgruppe)
- Rabatt for MC er tatt bort, men taksten er redusert for å ta høgde for dette

Dei økonomiske konsekvensane som følgje av desse regulativendringane vil variere frå samband til samband. I følgje Statens Vegvesen skal imidlertid dette nye regulativet i stor grad vere inntektsprovennøytralt i høve dagens Riksregulativ for ferjetakster.

Hordaland fylkeskommune kan som eige løyvemynde sjølv fastsette eigne takstar for fylkesvegferjesambanda. Fylkesrådmannen meiner imidlertid at det er viktig at fylkeskommunen som utgangspunkt søker å nytte dei same løysingane som Statens Vegvesen. Det vert derfor tilrådd at autoPASS-regulativet vert tatt i bruk på ferjesambanda i Hordaland etter kvart som dei nye ferjekontraktane vert driftssatt.

AutoPASS-regulativet må imidlertid tilpassast dei endringane som er gjort i dagens regulativ i høve prising av elbil.

Fylkesrådmannen gjer også merksam om at det av økonomiske omsyn kan vere aktuelt å gjere endringar i regulativet ved seinare høve. Fylkesrådmannen vil i så tilfelle fremje eige sak om dette.